

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland</b>
<b>Møtestad:</b>	Rom 826, 8 etg, Fylkeshuset, Bergen
<b>Dato:</b>	03.09.2014
<b>Tid:</b>	09:15

### Det vert lagt opp til slikt program:

- Orientering om prosessen med byggeprogram for trafikksikringsposten, Statens vegvesen (Terje Vidar Hoel og Tor Høyland)
- Gjennomgang av FTU-sak om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane
- Orientering om programmet til Trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland, 26. november
- Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Gustav Bahus  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/14	Referatsaker		
RS 1/14	Møtereferat Fylkestrafikksikringsrådet FTU, 05.07.2014	2014/555	
RS 2/14	Spørsmål om Hordaland fylkeskommune som "Trafikksikker kommune"	2014/11292	
RS 3/14	Trafikkteateret "Ville veier og vrangle skilt"	2014/1230	
RS 4/14	Trafikksikring av fylkesvegar i Vaksdal kommune	2014/13277	
PS 3/14	Søkand om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - Refleksdagen 2014	2014/1230	
PS 4/14	Trafikksikringsprisen 2014	2014/555	X
PS 5/14	Ymse		

PS 1/14 Godkjenning av møteinnkalling

PS 2/14 Referatsaker

**Utval:** Fylkestrafikksikringsutvalet  
**Møtestad:** Møterom 826, Fylkeshuset  
**Dato:** 07.05.2014  
**Tidspunkt:** 09:30-12:00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Nestleiar	A
Dan Femoen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gustav Bahus	Leiar	FrP

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Inger Signe Ulvund	Gustav Bahus	FrP

**Følgjande konsultative medlemmer møte:**

Namn	Stilling
John Martin Jacobsen	Hordaland fylkeskommune, samferdselsavd., vegseksjonen
Lise Ådlandsvik	Hordaland fylkeskommune, samferdselsavd., vegseksjonen (utvalsssekretær)
Else-Marie B. Aarø	Hordaland fylkeskommune, regionalavd.
Heidi Follevåg	Hordaland fylkeskommune, opplæringsavd.
Sindre Lillebø	Statens vegvesen, Region vest, Hordaland
Thorbjørn Thiem	Statens vegvesen, Region vest, TS-seksjonen
Ola Akselberg	Hordaland Politidistrikt
Arne Aase	Trygg Trafikk, Hordaland

**Saksliste**

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off.
	Godkjenning av innkalling og saksliste		
	Godkjenning av møtereferat, 03.03.2014		
	Presentasjon av dei konsultative medl.: Politiet, SVV og Trygg Trafikk		
	Gjennomgang av ulukkesstatistikken 2013 for heile Noreg og Hordaland		
PS	Trafikksikringspris for Hordaland - vilkår	2014/555	
PS	Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar for 2014	2014/8	
RS	Trafikksikringskonferanse for kommunane 26.nov. 14 – programforslag	2014/555	

**Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet – 07.05.2014**

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

Ingen merknader til innkallinga og sakslista.

**Vedtak**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

**Godkjenning av møtereferat, 03.03.2014**

Ingen merknader til møtereferatet.

## **Vedtak**

Møtereferatet vart godkjent.

## **Presentasjon av dei konsultative medlemmene: Politiet, Statens vegvesen og Trygg Trafikk**

Politiet la i sin presentasjon vekt på følgjande trafikantretta tiltak som Politiet har i Hordaland: Reflekskonkurranse for barneskulen, kontrollar retta mot bilistane rundt skulane (Aksjon skuleveg), informasjon til russen og generelt kontroll på vegen.

Trygg trafikk la i sin presentasjon vekt på at Trygg trafikk har trafikkopplæring og – oppseiing som sitt hovudformål. Det vert gjort arbeid retta inn mot alle aldrar og grupper: Barnehagar, skular, russ, lærarhøgskular, eldre- resenter, lag/org., straffedømde osb.

Spørsmål om aksjoner inn mot sykkelklubber, korleis er dialogen med desse? Mykje av dette vert ivareteke av Statens vegvesen sitt kampanjearbeid, jf kampanjen «Del veien».

## **Gjennomgang av ulukkesstatistikken 2013 for heile Noreg og Hordaland**

Statens vegvesen gjekk gjennom hovudtrekka for trafikkulukkesstatistikken for 2013. Hordaland har særlege utfordringar knytt til møte- og utforulukker, samt MC- og fotgjengarulukker. Trafikantgruppene som er råka er i særleg grad ungdommar og eldre. I mange av ulukkene er rus ein del av årsaksbiletet.

## **PS Trafikksikringspris for Hordaland – vilkår**

### **Forslag til vedtak**

FTU vedtek vilkåra for Trafikksikringspris for Hordaland.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

FTU vedtek vilkåra for Trafikksikringspris for Hordaland.

## **PS Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar for 2014**

### **Forslag til vedtak**

1. Sund kommune får tildelt tilskot på 50.000,- kr. til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Fusa kommune får tildelt tilskot på 192.000,- kr. til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Sund kommune får tildelt tilskot på 50.000,- kr. til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Fusa kommune får tildelt tilskot på 192.000,- kr. til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

## **RS Trafikksikringskonferanse for kommunane 26. nov. 2014 – programforslag**

FTU var samd i forslaga til tema på konferansen, og ba administrasjonen arbeide vidare med dette. FTU var oppteken at av folkehelseperspektivet vert eit gjennomgåande tema på konferansen.

## **PS Ymse**

FTU handsama to søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement.

Trafikksikringsutvalet på Alversund skule søkte om tilskot på 11.000,- kr til «Aksjon aktiv skuleveg», medan Kvinnherad lensmannsdistrikt søkte om tilskot på 5.000,- kr til rusfritt trafikksikringsarrangement for russen.

### **Vedtak**

1. *Trafikksikringsutvalet, Alversund skule* vert tildelt tilskot på 11.000 kr.
2. *Kvinnherad lensmannsdistrikt* vert tildelt tilskot på 5.000,- kr.



## Notat

Dato: 03.07.2014  
Arkivsak: 2014/11292-8  
Saksbehandlar: lisadla

---

<b>Til:</b>	Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU)
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Spørsmål om Hordaland fylkeskommune som "Trafikksikker kommune"

I møte i samferdselsutvalet den 18.11.13 sette representanten **Silja Ekeland Bjørkly (H)** fram følgjande spørsmål:

*Samferdselsutvalet vil be fylkesrådmannen leggja fram sak for FTU om korleis konseptet «Trafikksikker kommune» kan implementerast i HFK sin organisasjon.*

I gjeldande handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2014-2017) er eit av dei tre satsingsområda *Trafikksikringsarbeid i kommunane*, og eit av tiltaka under dette satsingsområde er prosjektet *Trafikksikker kommune*. Hordaland fylkeskommune har sett av 1 mill kr til dette tiltaket i planperioden, og det er sett som eit resultatmål at 10 kommunar vert sertifisert i fireårsperioden, og at kvar av desse får 100.000 kr ved gjennomført sertifisering. Det er Trygg Trafikk som har etablert prosjektet, og har utarbeidd eit sett kriteria som kommunane skal oppfylle for å verte sertifisert. Kriteria er omfattande og femnar bredt. Det er ikkje utarbeidd kriterier for fylkeskommunar.

Trygg Trafikk har etablert dette prosjekt og prosjektkriteria ut frå dei ansvarsområda som ligg til kommunal sektor og den kommunale organisasjonsstrukturen. Dersom fylkeskommunalt nivå skal gå inn i ordninga så vil dette krevje eit nytt sett kriteria. Enn så lenge har ikkje Trygg Trafikk etablert og utvikla kriteria for fylkeskommunal sektor, og fylkesrådmannen ser det difor ikkje som aktuelt å setje igang ein slik prosess i Hordaland fylkeskommune no. Fylkesrådmannen er i utgangspunktet positiv til at fylkeskommunen skal kunne bli sertifisert som trafikksikker kommune, og vil vurdere dette på nytt om ordninga og vert tilpassa fylkeskommunane.



i samarbeid med



## Trafikkteateret «Ville Veier og Vrange skilt»

Turnéplan Hordaland uke 40 , 2014

UKE	DAG	Dato	Klokka	Skole	Kommune
40 (2014)	Mandag	29.september Elever fra andre skoler transporteres til Sveio	10.00 og 11.30	Sveio 2 forestillinger i auditoriet	Sveio
	Tirsdag	30.september	09.30	Svortland	Bømlo
			12.00	Moster	
	Onsdag	1.oktober Elever fra alle skolene samles i Kulturhuset	08.40	Granvin	Granvin
			11.00 og 12.15	Voss Kulturhus 2 forestillinger	Voss
	Torsdag	2.oktober	09.30	Davanger	Askøy
12.00			Hop		
Fredag	3.oktober	10.30	Fedje	Fedje	







KOPI

Hordaland fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 14/896 - 14/4129

**Saksbehandlar:**

Eirik Haga  
eirik.haga@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

02.07.2014

## Trafikksikring av fylkesveggar i Vaksdal kommune

Nok ein gong er ein ung trafikant frå Vaksdal kommune død i trafikken på vegane rundt oss. Det er vår andre så langt i år.

Det er ein del merksemd rundt E16 og ulukkene der, men for oss er og dei fysiske forholda på fylkesvegane frå Dalseid til Eksingedalen (Fv 569, Fv 341 og Fv 344) ei alvorleg utfordring, som sidan 2009 har krevd 3 unge menneskeliv.

Vegutforforminga er utfordrande, og sideterrenget er ikkje sikra. Mange stader er det rett i sjøen, eller gamle stabbesteinar som er livsfarleg å treffa.

Trafikktryggleiken på desse fylkesvegane må hevast med effektive tiltak. Døme kan vere bruk av rekkverk og tilgjevande sideterreng, vegljøs o.a.

Det er nødvendig at Statens vegvesen hevar innsatsen for desse ulykkesutsette strekningane og kartlegg/iverkset effektive trafikksikringstiltak som er tilpassa dei lokale utfordringane me ser og som vil hindra eller redusera skadeomfang ved ulykker.

Med helsing

Eirik Haga  
Ordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Kopi til:**

Hordaland fylkeskommune

Samferdselsavdelinga

5020 BERGEN

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto  
Org.nr. 961 821 967



KOPI

**Mottakarar:**

Statens Vegvesen Region Vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

KOPPI



Arkivnr: 2014/1230-39  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	3/14	03.09.2014

## Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - Refleksdagen 2014

### Samandrag

Kløvheim bygdelaag søkjer om tilskot til Refleksdagen 2014 for barnehage- og barneskuleborn i Trekanten Aktivitetspark. Bygdelaaget har eit totalbudsjett på 63.000,- kr, og søkjer Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) om 23.000,- kr i støtte. Det vert ikkje spesifisert kva desse midlane skal nyttast til. Ut frå søknadsteksten og arrangementet sin budsjettoversikten, så rår fylkesrådmannen til at tilskotssummen vert på 15.000,- kroner.

### Forslag til vedtak

1. Kløvheim bygdelaag vert tildelt tilskot på 15.000,- kr til Refleksdagen 2014.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 22.08.2014****Bakgrunn**

Kløvheim bygdelag søker om tilskot til Refleksdagen 2014 for barnehage- og barneskuleborn i Trekanten Aktivitetspark. Bygdelaget har eit totalbudsjett på 63.000,- kr, og søker Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) om 23.000,- kr i støtte. Det vert ikkje spesifisert kva desse midlane skal nyttast til.

Søknaden sin budsjettoversikt:

Type midlar	Inntekt	Utgifter
Annonsering		25.000,-
Refleksar/vestar, lommelykter m.m		20000,-
Mat og drikke		8000,-
Premier		5000,-
Ekstern aktivitet (Pelle)		5000,-
Deltageravgift	10000,-	
Støtte frå firma	15000,-	
Støtte frå firma	10000,-	
<i>Søknadssum</i>	23000,-	
<b>Sum</b>	63000,-	63000,-

Dette lokale arrangementet fekk og fylkeskommunalt tilskot i 2013, då Fylkestrafikksikringsrådet (FTR) gav dei tilskot på 15.000,- kr etter ein søknadssum på 32.500,- kr. Fylkestrafikksikringsrådet (FTR) bad då om at tilskotsmidlane gjekk til innkjøp av materiell som var knytt til sjølve aktiviteten, og ikkje til annonsering. Vidare vart det opplyst i tilsegnsbrevet at dei ved seinare arrangement kunne få refleksar og vestar kostnadsfritt frå fylkeskommunen med tanke på å få redusert arrangementskostnadane.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen ser positivt på at lokale bygdelag er oppteken av trafikktryggleik, og denne tilskotsordninga er meint til å stø opp om slike initiativ. Tiltak som set fokus på refleksbruk blant born og unge er alltid viktig å stø oppunder.

Fylkestrafikksikringsrådet (FTR) var i si tid oppteken av at tilskotsmidlane som vart ytt gjekk til «trafikksikringsdelen» av arrangementet, og at andre type arrangementsutgifter vart dekkja av andre partar. Noko av bakgrunnen for dette var at ein over tid hadde sett at relativt små, lokale eindagsarrangement hadde store budsjett, og samstundes brukte størstedelen av midlane til annonsering og marknadsføring. I nokon grad vart det difor stilte spørsmål om dette var rett bruk av tilskotsmidlane frå fylkeskommunen.

Med dette som bakgrunn, og ut frå søknadsteksten og arrangementet sin budsjettoversikt, så rår fylkesrådmannen til at tilskotssummen frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) vert på 15.000,- kroner.

**Fra:** Nils Frøseth (nils.froseth@norli.no)

**Sendt:** 28.06.2014 08:29:48

**Til:** Lise Ådlandsvik

**Kopi:**

**Emne:** SV: Rapportering - tilskot

**Vedlegg:** image001.png;Søknadsskjema 2014.doc

Hei

Vedlagt er årets søknad.

Mvh

Nils Frøseth

Kløvheim bygdelag



## Søknad om tilskot til trafikksikringstiltak

Adresse: Hordaland fylkeskommune, Sentralarkiv, Postboks 7900, 5020 Bergen  
 Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
 Søknad merkast med: ”Tilskot til lokale arrangement – søknad om tilskot (FTU) – ref. 2014/1230”

Stad og dato:.....

Søknaden gjeld:

Set kryss:

1. Fotgjengarar og syklistar	
2. Barnehage og barneskule	
3. Ungdomsskule og vidaregåande skule	
4. Eldre	
5. Produkt/refleksar	X
6. Kampanjar	X

<b>Namn på tiltaket</b> Refleksjakten 2014	
<b>Namn på søkjar</b> Kløvheim Bygdelag	<b>Organisasjonsnummer</b> 991538011
<b>Adresse</b> Svindalsvegen 1	<b>Postnummer og poststad</b> 5913 EIKNGERVÅG
<b>Kontaktperson</b> Bernt Olav Fjellanger/Nils Frøseth	<b>Telefon</b> 92010429/91732213
<b>E-post</b> <a href="mailto:nils.froseth@norli.no">nils.froseth@norli.no</a>	<b>Kontonummer</b> 36325507769
<b>Totalkostnad</b>	<b>Søknadssum</b>
<b>Skildring av prosjektet (maks ei halv side)</b>	
<p>Refleksjakten 2014 er fortsetelsen på en årlig aktivitet som tar plass i Trekanten Aktivitetspark på Kløvheim.</p> <p>Refleksjakten vil som i fjor, bestå i “jakt” på refleksar ved bruk av lommelykt.. Refleksane skal vera nummererte og det vil bi ein form for premiering; bok eller annen gåve som er relevant for tema refleks og trafikksikkerhet.</p> <p>Borna skal i forkant få utdelt ei startpakke med lommelykt, refleksvest og annen relevant artikkel.</p>	



Borna skal ved hjelp av lommelykt leite etter refleksar som er plasser rundt om i parken. Når refleksane er funne vil alle borna bli premiært og det vil bli delt ut mat og drikke.

Dette skal være en årlig aktivitet og den skal alltid være på refleksensdag. Målet er også i år at vi får så mye økonomisk støtte at det ikke treng å koste særlig mere enn ca. 50 kroner pr. barn å delta.

Vi kommer i år til å forøke å få med oss andre samarbeidspartnere for å løfte Refleksjakten 2014 et hakk til og gi barna en ennå kjekkere opplevelse enn i fjor; lokalt brannvesen eller kjent figur som Politibilen Pelle er aktuelle som nye aktører.

#### **Kva er målet med prosjektet?**

Målet med Refleksjakten, er å fokusera på viktigheten av refleks bruk, det å synas i mørket, gjere refleks til noko spanande og gøy, fysisk fostring, sosialt samvær blant barn både i skulekrinsen -og frå andre kreins. Aldersgruppa vil være barnehage- og barneskuleborn  
Nytt av året er vår ambisjon om å få ennå fleire deltakare frå nabobygder enn i 2013; vi kommer til å dele ut "ranselpost" på nærliggande skoler.

#### **Samarbeidspartnarar –korleis tek dei del i prosjektet?**

Vårt samarbeide med Reklamehuset fortsetter og vi får derfrå reduserte prisar på vestar, refleksar, lommelykter og anna utstyr.

Avisa Nordhordland vil gje god pris på annonsering og omtale av kampanjen.

Meny Knarvik stiller som samarbeidspartner med tanke på mat og drikke.

NAF og Trygg trafikk vil også i år bli forspurt om å delta.

Som i 2013, vil vi prøve å få med et forlag på laget med tanke på en bok som premie.

Vi har i år en egen arbeidsgruppe som vil jobbe med flere/andre samarbeidspartnere og vi ønsker også andre med oss i målet om å lage dette til en stadig bedre aktivitet.

Har det vore søkt om midlar til dette tiltaket tidlegare? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Planlagd start Refleksensdag 2014	Planlagd slutt Refleksensdag 2014
Namn på kommune(ar) og stad(er) der prosjektet skal gjennomførast Kløyheim, Lindås kommune	

### Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter:

Type midlar	Inntekt	Utgifter
Annonsering		25.000,-
Refleksar/vestar, lommelykter m.m		20000,-
Mat og drikke		8000,-
Premier		5000,-
Ekstern aktivitet (Pelle)		5000,-
Deltageravgift	10000,-	
Støtte frå firma	15000,-	
Støtte frå firma	10000,-	
<i>Søknadssum</i>	23000,-	
<b>Sum</b>	63000,-	63000,-

Alle finansieringskjelder (som egne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot og gåver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansera.

Søklarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport/status for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport/status ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad til neste år ikkje vert handsama. Om søknaden ikkje er fullstendig utfyllt eller det manglar relevante vedlegg, kan det også ventast at han ikkje vert handsama.

PS 5/14 Ymse